

# Dei Sju Dødssyndene

Tekst: Bertolt Brecht  
Musikk: Kurt Weill  
Til nynorsk ved Ragnar Hovland

Utøvarane er:

*Ingrid Stige, mezzosopran*  
*Ludvik Kjærnes, tenor*  
*Thomas Guttormsen, tenor*  
*Eirik Krokfjord, baryton*  
*Daniel Oskar Danielsson, bass*  
*Mirjam Helene Kringen, klaver*  
*Anna- Sofia Ulfsax, fiolin*  
*Marit Charlotte Steinum, fløyte*  
*Tore Høiland Aarrestad, klarinett*  
*Ramon Figueras Alsius, trompet*

Die sieben Todsünden er det siste samarbeidsprosjektet til Kurt Weill og Bertolt Brecht. Stykket blei skriva i 1933 då dei begge var i eksil i Paris, og det hadde urframføring same år, den 7. juni på Théâtre des Champs-Élysées. Musikken er karakteristisk Weill, med den typiske blandinga av klassisk kunstmusikk, jazz og kabaret. Like viktig som musikken er teksta frå Brecht si hand; tema som eksil, fattigdom, pengar og moral står sentralt i stykket, saman med ein krass kritikk av dei sosiale og økonomiske strukturane i samfunnet og korleis desse påverkar det enkelte individet.

Dei sju dødssyndene fortel historia om Anna som blir send frå heimen sin i Louisiana til storbyane i USA for å søkje lykke. Familien hennar har eitt einaste mål for auge: at Anna skal tene masse pengar og sende dei heim slik at dei kan verkeleggjere draumen om å byggje eit lite hus ved breiddene av Mississippi. Anna drøymmer om å tene pengar som danserinne, men oppdagar snart kva slags dans ho må danse for at pengane skal kome inn og familien skal bli nøgd. Trass sin harde kamp for pengar, får ho stadig formaningar heimanfrå om å halde seg langt vekk frå dei sju dødssyndene: dovenskap, stoltheit, sinne, griskheit, utukt, grådighet og misunning.

Dette prosjektet vart arbeida fram hausten 2012/våren 2013, og blei fyrste gong framført i Kulturkirken Jakob i Oslo den 7. mars 2013. Regien, ved Nina Harte, har eit minimalistisk preg som vil fungera i ulike typar av scenerom.